



Natås barnehage

Natås

5957 MYKING

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/634 - 14/7837

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

01.04.2014

Søknad om utviding av plassar i Natås barnehage barnehageåret 2014/2015.

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Natås barnehage

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/14	Levekårsutvalet	PS	04.03.2014
26/14	Formannskapet	PS	06.03.2014
27/14	Kommunestyret	PS	20.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Astrid Namtvedt Sylta	FA - A10	14/634

Søknad om utviding av plassar i Natås barnehage barnehageåret 2014/2015.

Vedlegg:

Vedlegg Natås Barnehage SA

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre 9 mellombelse plassar i Natås barnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015.

Levekårsutvalet - 20/14

LE - behandling:

Handsaming i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Vedtak i Levekårsutvalet - 04.03.2014:

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre 9 mellombelse plassar i Natås barnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015.

Formannskapet - 26/14

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Innstilling:

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre 9 mellombelse plassar i Natås barnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015.

Kommunestyret - 27/14

KO - behandling:

Astrid N.Sylta var ugild og deltok ikkje i denne saka.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Rådmannen får fullmakt til å vidareføre 9 mellombelse plassar i Natås barnehage dersom årets opptak syner trong for det. Mellombelse plassar skal brukast til barn med rett til plass jfr Lov om barnehage, og gjeld for barnehageåret 2014 / 2015.

Saksopplysningar:

- Saka skal til uttale i levekårsutvalet
- Saka skal til innstilling i formannskapet
- Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

I samband med at kommunen hadde trong for fleire barnehageplassar for å kome i hamn med opptaket våren 2013, gjorde formannskapet 18.04.2013 dette vedtaket:

«Rådmannen får fullmakt til å etablere mellombels barnehageplassar i Hundvin og Natås barnehagar.

Dersom det er trong for det får rådmannen fullmakt til å godkjenne plassar i Kolås barnehage.

Utvidinga gjeld for eit år om gongen og gjeld for borna som har rett til barnehageplass jfr. Lov om

barnehage.

Sak om nødvendig investering i Kolås barnehage og auke i driftsbudsjettet vert å leggja fram for formannskapet snarast til orientering.

Rådmannen får fullmakt også til å sjå på andre løysingar.»

På bakgrunn av dette vedtaket fekk Hundvin Naturbarnehage ei mellombels godkjenning til å utvide frå 37 til 40 plassar. Natås barnehage fekk ei mellombels godkjenning til å utvide frå 36 til 45 plassar. I tillegg opna Kolås ei ny avdeling med 24 plassar i det gamle gymbygget ved barneskulen på Lindås. Alle desse endringane gjeld for barnehageåret 2013 / 2014.

I desember 2013 mottok Lindås kommune søknad frå Natås barnehage der dei søker om ei vidareføring og ei utviding av mellombelse plassar barnehageåret 2014 / 2015. Barnehagen ønskjer 48 plassar komande barnehageår. Dei grunngjev søknaden med å vere i forkant i høve til hovudopptaket då det er vanskeleg å vite kor mange søkjar som vil kome. Natås barnehage peikar og på økonomiske konsekvensar ved å få utvide barnehagen.

Vurdering:

Søknadsfristen for hovudopptaket er 1.mars, og det er enno vanskeleg å seie kva det endelege behovet for plassar frå hausten 2014 vil verte. Rådmannen ønskjer å ha dialog med Natås barnehage om vidareføring av 9 mellombelse plassar komande barnehageår dersom det er trong for det.